



Bente Nilsen slår fast at suksessen held fram

SPAR Uskedalen vil truleg enda på ein pluss på 8 prosent i omsetnad i år medan daglegvaresektoren på landsbasis meldar om ein auka på berre 3 prosent, Dermed vil vår lokale suksessbutikk passera 44 millionar.som er eit imponerande tal for ein landsens butikk i ei bygd med vel 1000 innbyggjarar. No i julestria har eit ekstramannskap på 3-4 vore kalla inn.

Dagleg leiar Bente Nilsen opplysar at juli framleis ligg klart på topp med 12 prosent av omsetnaden, med august på andre plassen med 9,5 prosent og desember med 9,2. Desember er med andre ord også viktig, men kanskje ikkje så viktig som ein skulle tru.

uskedalen.no har spurt Bente om SPAR har merka at det er opna ein ny og stor daglegvarebutikk på Husnes, men det har dei ikkje gjort.
- Vi var veldig spente på reaksjonen i markedet, men har ikkje registrert noko negativt utslag, opplysar ho.

Når det ellers gjeld desember er det tradisjonsrike sylteflesket til Gunn Mari Moberg framleis den store salsmagneten og det kjem folk frå heile Kvinnherad for å kjøpa det, saman med den heimelaga eggssalaten. Dei produserar så mykje som dei maktar av flesket som altså er den store slagaren denne månaden.

Enno er det for tidleg å spå om det ligg prisar i farvatnet også neste år for SPAR og Bente tør ikkje tippa noko for konkurransen er hard. Det nyttar ikkje å slappa av og kvile på laurbæra.
- Vi legg stor vekt på å halda servicen oppe med omsyn til standard og det er viktig at butikken er rein og ryddig, seier ho.

- Gåvekort er vel ein nyheit?
- Nei, det har vi hatt året rundt i mange år. Derimot er satsinga vår på facebook ny og vellukka, melder Bente.

Tekst, foto og nett:Ola Matti Mathisen